



Årsmelding 2016

Ørsta IL Fotball er registrert med adresse i Holmegata 20, i Ørsta kommune. Ørsta IL Fotball har vorte ein stor familie med aktive i alle årsklassar for både jente og gut, dame og herre. Visjonen; ein arena for alle og rom for den einskilde peikar framover der målet er å gje eit tilbod til alle uansett nivå.

Føresetnadane for vidare drift er til stades. Årsrekneskapen for 2016 syner dette.

	2014	2015	2016
Driftsinntekter	2.934.000,-	3.514.000,-	4.344.443,-
Resultat	103.000,-	- 218.000,-	73.000,-
Eigenkapital	Ørsta Idrettslag	Ørsta Idrettslag	Ørsta Idrettslag

Gjennom året 2016 vart det halde 7 styremøter og handsama 33 saker. Styret vurderer det slik at oversikta over gjev eit rettvisst bilete over utviklinga, resultat og klubben si stilling.

Ørsta IL Fotball har i året 2016 ikkje sett i verk forskning eller utviklingsaktivitetar utover det som høyrer drifta til. Styret vil likevett kommentere dette; Etter fleire års drift har no FFO (Fotball fritidsordninga) takka være tolmodig arbeid etablert eit fagleg og sosialt godt tilbod som tel ca. 70 brukarar frå 2.-7. klasse. Dette er bra.

Sommaren 2016 vart den gamle kunstgrasbana erstatta med nytt. Nytt treningsfelt knytt til Velle skule vart også etablert. Dette har gjeve klubben eit løft. Takk til eldsjeler som var med på dette. Likevel peikar styret på at arbeidet med meir speleflater lyt prioriterast i tida som kjem.

Under SFF sitt kretsting var Ørsta Fotball nominert i to av tre kategoriar; Årets Fairplay klubb og årets jenteklubb. Det var stor stas å kunne nå heilt opp; Vi vart årets jenteklubb. I tillegg fekk Ørsta kommune utmerkinga årets fotballkommune. Dette syner oss at arbeidet som vert gjort vert lagt merke til. Takk til alle som er med på laget.

Ørsta IL Fotball har to fast tilsette. Dette saman med tilkallingshjelp utgjer til saman 2 årsverk. Styret har 5 faste medlemmer. Ørsta IL Fotball har kontrakt med trenarar for laga 16 år og oppover. Dette i tillegg til mange foreldre/føresette som lagleiarar, oppmenn, dommarar og dugnadshjelparar. Klubben har 520 registrerte spelarar i alderen 6 år og oppover. Dette fordelt på 57 lag, noko som gjer klubben til nest størst i kretsen. Ørsta IL Fotball vil i framtida behandle menn og kvinner likt ved eventuell tilsetjing/rekruttering til stilling/styreverv og andre oppgåver. Det har for året 2016 vore 6 sjukedagar/meldingar for dei tilsette.

Selskapet ureinar ikkje miljøet utover det som er tillat.

Ørsta 18.2.2016.

Paul Kristian Hovden
-styreleiar-

Bjørnar Vartdal

Per Endre Wolsund

Rigmor Nekstad

Tov Lerheim